



Masfjorden kommune  
Austfjordvegen 2724  
5981 MASFJORDNES

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## Uttale - Masfjorden - 37/41 - tilkomstveg til fritidsbustad - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen dater 15.12.2020. Saka gjeld søknad om dispensasjon frå LNF-formålet i kommuneplanen sin arealdel for bygging av tilkomstveg til fritidsbustad på gnr. 37 bnr. 41.

### Fylkesmannen si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak det formålet området er sett av til i arealdelen av kommuneplanen og plan- og bygningslova sine formål, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. pbl. § 19-2 andre ledd.

Arealdelen av kommuneplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av kommunestyret. Det skal såleis ikkje vere kurant å gjera unntak frå gjeldande plan. Ut ifrå omsynet til offentlegheit, samråd og medverknad i prosessen er det viktig at endringar ikkje skjer ved dispensasjonar, men at endringane vert handsama etter reglane om kommuneplanlegging og reguleringsplanlegging, jf. Ot. prp. 32 (2007-08) s. 242.

Den omsøkte vegen skal vere om lag 50 meter lang og 3,5 meter brei og skal anleggjast i produktiv skog ifølgje markslagkart. Vegen skal også krysse ein bekk. Deler av området ligg som del av eit kartlagt friluftslivområde verdisett som viktig. Både omdisponering og oppsplitting av skogen må vurderast, det same må verknad for friluftsliv og oppleving av landskap.

I søknaden står at vegen enten vil bli lagt i bru over bekken eller så bli bekken lagt i røyr. Det må kome klart fram kva ein søker om. Det står ikkje noko om tiltaket vil føre til inngrep i kantvegetasjonen. Vi minner om at kantvegetasjon ikkje utan vidare kan fjernast jf. vassressurslova § 11.

Det er uheldig å tillate tilkomstveggar til fritidbygg i LNF-formål utan at det er særlege forhold i saka som gjer at den skil seg ifrå liknande saker. Dette kan føre til at det vert vanskeleg å avslå liknande søknader og ein kan stå i fare for å setje kommuneplanen som styresverktøy tilsidesette. Berre i nærområdet her, ser det ut til å ligge fleire andre fritidsbustader utan køyreveg til hytta. Ein bit for bit nedbygging og oppsplitting av LNF-området vil vere negativt.



Fylkesmannen rår ifrå dispensasjon for tilkomstveg til fritidsbustad i denne saka.

Med helsing

Egil Hauge  
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:  
Vestland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN